



Helge Arvid Husebø
Kårbø 9
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1285 - 17/23801

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:
04.12.2017

Pålegg - GBNR 52/8 - Krav om tilknyting til kommunalt VA-anlegg - Kårbø

Administrativt vedtak. Saknr: 336/2017

SAKSUTGREIING:

Meland kommune viser til førehandsvarsle med krav om tilknyting til kommunalt vass- og avlaupsanlegget, datert 12.5.2017, med frist for tilbakemelding innan 26.5.2017. Kommunen mottok tilbakemelding frå dykk den 9.6.2017, der de grunngjev kvifor de ikkje ønskjer å kople bustaden dykk til det kommunale anlegget. De meiner at ei tilkoppling vil medføre ein uforholdsmessig stor kostnad for dykk.

VURDERING:

Det følgjer av pbl § 27-1 tredje ledd, jf. andre ledd, at kommunen kan krevje at bygning som ligg på ein eigedom skal tilkoplast til ei offentleg vassleidning, «*når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal.*» Det same gjeld for tilkoppling til kommunalt avlaupsanlegg, jf. pbl § 27-2.

Kommunestyret i Meland har i vedtak datert 23.1.2008 lagt til grunn at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkoppling.

Kommunen sine kart viser ein avstand på om lag 3m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen og fram til din eigedom. På bakgrunn av kommunestyrevedtaket er dermed utgangspunktet at bustaden din må tilknytast det kommunale anlegget. Kommunen kan likevel gje fritak frå tilkoppling når tilkoppling vil medføre ein «*uforholdsmessig stor kostnad*», jf. pbl §§ 27-1 og 27-2. Vi viser i den samanheng til Sivilombudsmannen si årsmelding 2004 s. 281 der det vart lagt til grunn at kostnadar på opp mot kr 100 000 ikkje var uforholdsmessig, sjølv om eigedomen frå før av hadde eit tilfredsstillande privat anlegg.

På bakgrunn av dette finn kommunen at også beløp over kr 100 000 vil kunne vere forholdsmessig, ettersom det her er snakk om tilkopling til både vatn og avlaup. Vi kan ikkje sjå at de har dokumentert kostnadane med tilknytinga tilstrekkeleg, og det er difor vanskeleg for kommunen å vurdere om tilkopling vil medføre uforholdsmessige kostnadar, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2. Kommunen finn difor grunnlag for å pålegge tilkopling til det kommunale anlegget.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev gbnr. 52/8 pålegg om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. For grunngjeving og vurdering, sjå ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl § 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjekast og kostnadane bør dokumenterast frå røyrleggjar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Helge Arvid Husebø
Oddveig Husebø

Kårbø 9
Kårbø 9

5917
5917

ROSSLAND
ROSSLAND